



Permisjon frå undervisning

Innleiing

Etter opplæringslova § 2-11 første leddet kan kommunen etter søknad gje ein elev permisjon frå den pliktige opplæringa i inntil to veker. Permisjon etter denne føresegna er inga rett, og kommunen har derfor ikkje plikt til å godkjenne permisjonen. Kommunen kan ha eigne retningslinjer for når ein kan gje permisjon og når ein ikkje skal gje permisjon.

Søk i god tid! Skulen må rekke å behandle søknaden din før den planlagde permisjonen.

Dersom du har fleire barn må du sende inn ein søknad for kvart barn.

Retningslinjer

RETNINGSLINER, SØKNAD OM ELEVPERMISJON

Opplæringsloven har § 2-11 seier følgande om permisjon frå den pliktige opplæringa:

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldre sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

Å få permisjon frå undervisninga er ikkje ein rett etter opplæringslova § 2-11, men etter søknad kan kommunen altså innvilge inntil to veker når kommunen finn det forsvarleg.

I Volda kommune er dette spørsmålet delegert til rektor ved den einskilde skule. Kontaktlærar kan innvilge fri inntil tre dagar.

Det er ikkje skuleplikt i Noreg, men opplæringsplikt. Det inneber at dersom føresette i periodar vel å ikkje la skulen ta hand om opplæringa, må dei sjølve ta ansvar for denne. I spørsmål om heimeundervisning gjeld eigne, forvaltningsmessige reglar.

Når søknader om permisjon skal vurderast, må ein ta omsyn til den einskilde elev og vurdere om eleven med dette får ei forsvarleg grunnskuleopplæring.

Permisjon kan ikkje gjevast utover to veker Dersom dei føresette ønskjer å ta eleven ut for ein lengre, samanhengande periode utover to veker, må dette sjåast på som privat undervisning, jfr § 2-13. Eleven blir difor formelt skriven ut frå skulen som elev, og foreldra/føresette har det fulle ansvaret. Kommunen skal imidlertid ha tilsyn med den private undervisninga, etter § 14-2. Sjå elles kommunen sine egne rutinar for heimeundervisning og tilsyn i høve dette.

Dei føresette må få informasjon om følgjene ved å skrive ut eleven frå skulen.

Opplæringa som eleven mistar ved permisjon, har eleven ikkje rett til å få erstatta seinare.

Oppvekst, januar 2020

Stadfesting

☐ Eg har lest og forstått gjeldande permisjonsreglement for grunnskulane i Volda kommune

Informasjon om søkjar

Eleven

Namn

Etternamn

Fødselsdato

Samme adresse som foresatt

☐ Ja

☐ Nei

Adresse elev

Adresse

Postnr/stad

Foresatt

Namn

Etternamn

Fødselsnummer

Adresse

Postnr/sted

Mobil

E-post adresse

Ønsker du å legge til fleire føresette?

☐ Ja

☐ Nei

Foresatt 2

Namn	Etternamn
Adresse	
Postnr/sted	
Mobil	
E-post adresse	

Søknad

Tidsrom for permisjon frå	til dato
Skule ☐ - Vel alternativ - ☐ Austefjord skule ☐ Bratteberg skule ☐ Dalsfjord skule ☐ Folkestad skule ☐ Hornindal skule ☐ Mork skule ☐ Ulvestad barneskule (privat) ☐ Volda ungdomsskule ☐ Øyra skule	
Trinn/klasse	
Kontaktlærer	
Har eleven søkt om fri tidlegare dette året? ☐ Ja ☐ Nei	
Grunngjeving for søknaden	
Opplæringstiltak i permisjonstida ☐ Eg stadfestar herved at vi vil syte for nødvendig opplæring i permisjonstida	

Vedlegg

Ynskjer du å legge til vedlegg?
☐ Ja ☐ Nei